

Internasjonale studieplassar i Sogn og Fjordane

Med skulestart august 2017 kan UWC Røde Kors Nordisk og Dale Videregående Skule i samarbeid tilby eit to-årig studie som leier fram til Diplom for International Baccalaureate (IB), gjennom ei fylkesdekkande linje.

Søkjjarar må vere busette i Sogn og Fjordane.

IB er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som byggjer på greidd vg1 frå eit studieførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak til dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegheiter for spesielle «scholarships». Den daglege undervisninga er på engelsk, på UWC Røde Kors Nordisk, på Haugland i Fjaler. Om ønskeleg kan ein få overnattingsplass og måltid på campus.

Utdanningstilbodet er gratis.

Om ein går for modellen med overnatting og mat på campus, vil det vere eit årleg eigenandel på 40.000 kr for skuleåret 2017-18. I tillegg skal det elevane får som bo- og statsstipend gjennom Lånekassen bli betalt som eit restbeløp for å dekke skulen sine kostnader.

På same vis som ungdommar i resten av landet, kan elevar i Sogn og Fjordane søkje på studieplassar til alle UWC skulane i verda, gjennom UWC Norge (nasjonalkomiteé med kontor i Oslo). Søkjjarar bør velje ein av desse kanalane. Dvs dei som søker gjennom nasjonalkomiteen vil ikkje vere kandidat for den fylkesdekkande linja.

Sjå <http://uwrcrn.no/academics/> for generell informasjon om studiet på UWC Røde Kors Nordisk, eller kontakt Leonie Merts Koning: admissions@rcnuwc.no tel. 57 73 70 04.

Søknad er på VIGO, med søknadsfrist 1 mars.

